

Metoderapport SKUP 2022



Oslosenteret

Bjørgulv K. Bjåen

Vårt Land

Metoderapport SKUP 2022

Levert av: Bjørgulg K. Bjåen, Vårt Land

Desse har bidrige:

Erlend Berge, fotojournalist

Kjell Kvamme, nyhendeleiar

Ole Kåre Eide, vaktsjef

Veslemøy Østrem, nyhenderedaktør (slutta i Vårt Land 2022)

Kontaktinformasjon: Bjørgulg K. Bjåen, epost: bibj@vl.no, telefon: 45025293

Oslo 13. januar 2023

INNHALD

Innleiing	3
Problemstillinga	3
Tidsbruk	3
Metode	4
Innsyn i dokument	4
Munnlege kjelder	5
Innsyn i politidokument	6
Innsyn i Valutaregisteret	7
Sjekk av partnar	7
Munnlege kjelder	7
Publisering	8
Konsekvensar	8

Problemstilling

8. september 2021 publiserte Dagbladet ein artikkel med tittelen:
«– Bondevik fikk Saudi-millioner»

Dagbladet avslørte:

«Dokumentasjon Dagbladet har fått tilgang til, viser at Norges tidligere statsminister og hans organisasjon Oslosenteret har fått over tre millioner kroner fra organisasjonen Muslim World League (MWL). Pengane til Bondevik ble formidlet via en stiftelse i Oslo, tilhørende Høyre-politikeren Aamir J. Sheikh.»

I vekene som kom publiserte Dagbladet ei rekke artiklar om kontakten mellom Norges tidlegare statsminister Kjell Magne Bondevik, senteret han skipa, Oslosenteret, og organisasjonen Muslim World League (MWL), som har band til regimet i Saudi-Arabia.

Vårt Land har følgt Oslosenteret og Kjell Magne Bondevik sidan senteret blei presentert i januar 2006.

Oslosenteret var noko heilt nytt då det blei etablert. Eksstatsministrar går anten tilbake til Stortinget etter å ha tapt makta, eller til internasjonale leiarjobbar. Bondevik valde ein annleis veg.

Eg har følgt Oslosenteret over år og registrert at det til tider har strevd med å rekruttere nok private sponsorar som vil betale for drifta av sjølv senteret, og at Oslosenteret er blitt ein organisasjon som har fått offentlege midlar i prosjektstøtte.

Dagbladets avsløringar motiverte meg: Eg ville ta eit djupdykk i økonomien til Oslosenteret – kva hadde skjedd i åra sidan oppstarten i 2006?

I oktober 2021 ba eg om innsyn i eit breidt utval dokument frå offentlege institusjonar som hadde vore i kontakt med Oslosenteret over år.

Ideen var enkel og rett fram:

Sjekke økonomien til Oslosenteret, som no hadde fått millionar i gave frå omstridt muslimsk organisasjon, Muslim World League.

To dokument indikerte at eg burde grave djupare. Stikkord: Underskot og underslag.

I ei lita nyhendegruppe i ein liten redaksjon må tidvis andre saker enn graving prioriterast, så djupdykket i Oslosenteret blei dytta inn i 2022.

11. januar 2022 publiserte Vårt Land ei sak om at eksstatsminister og Oslosenter-leiar Bondevik hadde fått honorar for å skrive eit debattinnlegg om den totalitære staten Kasakhstan:

«Bondevik fikk betalt for rosende kronikk om Kasakhstan»

<https://www.vl.no/nyheter/2022/01/11/bondevik-fikk-betalt-for-rosende-kronikk-om-kasakhstan/>

Eg og to kollegaer arbeidde fram saka, og ho blei startskotet til gravearbeid på heiltid.

Tidsbruk

Eg brukte rundt tre arbeidsveker i januar og februar, og rundt tre arbeidsveker i mars og april samt eit par dagar i mai til finpussing.

Innsyn i dokument

Arbeidet i januar 2022 starta med å be om innsyn i alle dokument mellom Stiftelsestilsynet og Oslosenteret, for to av dokumenta eg hadde fått innsyn i i oktober 2021 bar bod om økonomiske problem. Det første var eit såkalla «nummerert brev» frå revisor.

Når revisor sender nummererte brev til eit styre i ei stifting, er det svært alvorleg.

I 2018 melde revisor til styret i Oslosenteret:

«Vi har mottatt regnskapsrapport pr 30.10.2017 som viser en negativ resultatutvikling og dermed en negativ utvikling av stiftelsens egenkapital. Stiftelsesloven har strenge regler for styrets ansvar når stiftelsen har en egenkapital som er lavere enn det som anses som forsvarlig. Dette brevet er ment som en påminnelse om de gjeldende regler.»

Det andre viktige dokumentet var frå styreleiar i Oslosenteret til senterets revisor i januar 2018, som også var sendt til Stiftelsestilsynet. Her kunne eg lese følgjande:

«Revisor er også orientert om at tidligere direktør (...) skylder Oslosenteret ca 944000 kr. Det gjennomføres samtaler med (...) om fastsettelse av endelig beløp og tilbakebetaling. En skriftlig bekreftelse fra (...) om skyldigbeløp vil bli sendt RMS Norge AS om kort tid. Tilbakebetalingen vil skje på grunnlag av lån med pant i fast eiendom. Eiendommen er fra før av ikke pantsatt.»

Det er Vårt Land som har anonymisert den tidlegare direktøren.

Faktum var noko omstendelege formulert, men eg fann ikkje grunn til å tru at det var eit uoppgjort personallån, men eit underslag.

Vidare viste dokumenta frå Stiftelsestilsynet at tilsynet i 2018 hadde opna tilsynssak mot Oslosenteret fordi eigenkapitalen gjekk tapt i 2017.

Dokumentinnsynet viste at Oslosenteret strevde hardt med økonomien. Dermed lasta eg ned alle årsrekneskapa frå Brønnøysundregistrene, og analyserte tal for perioden 2006-2021.

Vidare blei alle årsrapportane Oslosenteret hadde publisert, lest.

Medan årsrapportane via svært liten plass til økonomiske problem, gav årsrekneskapa eit heilt anna bilet. Og: ingen spor av omtale av underslaget i årsrapportar og årsrekneskap

Då Kjell Magne Bondevik og Einar Steensnæs, partikollega og ven, skipa Oslosenteret i 2006, gjekk dei ut og sa at private aktørar skulle finansiere drift og prosjekt – og ikkje det offentlege:

«Jeg synes faktisk det er positivt at norske bedrifter og investorer gir penger til samfunnsviktig og ideelt arbeid, istedenfor at deres overskudd bare går til økt fortjeneste. Vi belaster dermed heller ikke statsbudsjettet og skatteyternes penger», skreiv Bondevik i VG.

«Når det gjelder finansiering, henter vi mye av støtten fra privat virksomhet. Vi konkurrerer derfor ikke om offentlige midler som hvert år settes av til ulike humanitære og ideelle organisasjoner», melde Steensnæs i Aftenposten.

Min gjennomgang av Oslosenterets økonomi viste at etter dei fem første åra med avtalt, årleg støtte frå private sponsorar, gjekk senteret med underskot allereie i 2011.

Difor vende Oslosenteret og Bondevik seg mot staten – mot Utanriksdepartementet. Dokument viser at senteret søkte om grunnstøtte, men fekk nei. Oslosenteret kunne søkje prosjektstøtte, noko det gjorde.

Eg førebudde ein større innsynsrunde i Utanriksdepartementet og Norad for å finne den samla støtta frå staten frå oppstart til siste, undersøkte år, 2021.

Men før tal blei levert, fekk eg hjelp frå Stortinget. I svaret på eit representantspørsmål til utanriksministeren, blei det etterspurde talet presentert i desember 2021:

«Det er blitt bevilget midler over statsbudsjettet til «Oslosenteret – senter for fred og menneskerettigheter». Første bevilgning ble gitt i 2009 og den siste i 2015, sistnevnte med gjennomføringsperiode til og med 2017. Totalt er det bevilget om lag 51 millioner kroner, med store variasjoner fra år til år.»

Talet eg fann gjennom dokumentsøk i [Stortinget.no](#) viste at vel kvar fjerde krone til Oslosenteret, kom frå staten.

For å vise korleis særleg Norad handterte Oslosenteret økonomisk, søkte eg innsyn i prosjektsøknader, søknadssvar, klager og klagesvar.

Dokumenta viste at Oslosenteret til tider sleit kraftig med å overtyde Norad om at prosjekta dei søkte støtte til, burde få positive svar. Det blei i fleire avslag også stilt spørsmål ved kompetansen til senteret.

Gjennom eit omfattande dokumentinnsyn, lesing av årsrekneskap og årsrapportar, blei biletet tydeleg: Oslosenteret har vore - og er - herja av økonomiske stormkast.

Munnlege kjelder

Etter nesten tre veker med sortering og lesing av innsamla dokument, var det i byrjinga av februar tid for å kontakte sentrale kjelder.

Fremst blant desse var Einar Steensnæs, som var direktørvikar i Oslosenteret i 2017. Han avdekte misleghaldet, og handterte oppfølging av den tidlegare direktøren.

Då eg ringde Steensnæs, viste han vilje til å svare på alle spørsmål – så langt han hugsa kva som hadde skjedd.

Kjell Magne Bondevik gjorde det i samtale med nyhenderedaktør Veslemøy Østrem klart at han ikkje ville bidra i denne saka.

Oppsummert opplevde me at han prøvde å få Vårt Land til ikkje å omtale underslaget til Oslosenterets tidlegare direktør, som senteret fram til då hadde klart å halde hemmeleg.

I slutten av februar 2022 blei verdshistoria endra så kraftig at eg måtte ta ein pause i arbeidet med Oslosenteret: Russland invaderte Ukraina, og det var naudsynt å bruke arbeidsdagane på krigen.

Innsyn i politidokument

I slutten av mars blei det rom for å ta fram Oslosenter-prosjektet igjen. Då blei det viktig å få kontrollert – og supplert – opplysningane eksdirektør Steensnæs hadde gjeve i intervju. Særleg om underslaget.

Ein institusjon blei særskilt viktig: Politiet.

For meg – og redaksjonen – blei dette eit nybrottsarbeid. For politiet gjev ikkje utan vidare innsyn i straffesakdokumenta som var etterspurt her:

Siktinga, meldinga om underslaget og avhøyret av den tidlegare direktøren.

Først brukte eg ein del tid på å finne fram til rett instans og person i Oslo-politiet som kunne ta i mot mine innsynskrav.

For det var ei stor utfordring i denne saka: Den tidlegare direktøren ved Oslosenteret døydde i 2019, før saka kom til domstolen.

Dermed kunne han ikkje gje samtykke til innsyn.

Etter ein del att og fram blei eg sett i kontakt med ein politiadvokat i Oslo-politiet som ville vurdere mine innsynskrav. Men fordi eg måtte «bryte nytt land», fekk eg bruk for ekstern hjelp.

Eg kontakta Sindre Granly Meldalen i Presseforbundet, jurist som arbeider særleg med innsyn, blei kontakta.

Han ytte avgjerande hjelp med å finne fram relevante, juridiske nøklar som kunne «låse opp» lukka dører hjå politiet.

Etter ei tids venting blei det klart: Eg kunne ikkje få innsyn i siktinga, ikkje fordi politiet nekta meg innsyn, men fordi den tidlegare direktøren aldri blei sikta.

Då sto to dokument att. Og dei var særskilt viktig, for dei var dei einaste kjeldene som kunne gje kontradiksjon i og med at den tidlegare senterdirektøren var død.

Argumentasjonen som blei framført per epost til politiadvokaten i Oslo politidistrikt eg hadde etablert kontakt med, nådde fram. Etter ei tids vurdering for og mot, gav politiadvokaten innsyn i både politimeldinga og avhøyret.

Meldinga gav viktig kunnskap av omfanget av underslaget. Avhøyret, der eksdirektøren vedgjekk underslaget og forklarte seg grundig om korleis og kvifor det fann stad, gav avgjerande opplysningar om underslaget ved Oslosenteret.

Nybrottsarbeidet førte fram. Politiadvokaten gav innsyn fordi saka hadde offentleg interesse – og dokumenta gav Vårt Land høve til å kontrollere opplysningar i ei sak der omtalte var død.

Innsyn i Valutaregisteret

Valutaregisteret hadde tidlegare gjeve Adressa og Dagbladet innsyn i pengeoverføringer over landegrensene. Registeret «inneholder opplysninger om valutaveksling og overføring av betalingsmidler inn og ut av Norge», forklarar Skatteetaten.

I arbeidet med å kartleggje Oslosenterets økonomi søkte eg innsyn i valutaregisteret i eit forsøk på å kartleggje kven utanlandske gjevarar som har gjeve kva over år, som private gåver til senteret.

Men fordi eg bad om eit for detaljert innsyn, gav Valutaregisteret avslag. Eg kunne fått innsyn i store sekkepostar; overføringer mellom ein skilde land og Norge. Fordi det ikkje var kapasitet til å bruke tid på eit slikt omfattande analysearbeid, gjekk ikkje eg vidare med det innsynet.

Eg gjekk gjennom årsrapportane frå Oslosenteret og plukka ut eit større utval sponsorar som så blei kontakta med spørsmål om kvifor dei støtta senteret økonomisk.

Med eitt unntak ønskte alle å svare på spørsmål per epost eller sms.

Sjekk av partnar

Dagbladets serie om Saudi-millionar til Oslosenteret og Kjell Magne Bondevik hausten 2021 viste fram Bondeviks partnar, Aamir J. Sheikh. Han er lokalpolitikar for Høgre i Oslo og leiar to organisasjonar, Stiftelsen dialog for fred og 14. Augustkomiteen.

For meg blei det viktig å gå inn i økonomien til Sheiks Stiftelsen dialog for fred. Eg sökte å finne spor av Saudi-millionar. Difor blei årsrekneskapa for perioden 2010-2020 lasta ned frå Brønnøysundregistrene. Årsrapportane blei også lest.

Oslosenteret gjekk med underskot i 2018, og eigenkapitalen gjekk tapt både i 2018 og 2019. Årsrekneskapa til Stiftelsen dialog for fred viste fram samarbeidet mellom den omstridde organisasjonen Muslim World League, Oslosenteret og Stiftelsen dialog for fred.

Saman med avsløringane til Dagbladet viste gjennomgangen av årsrekneskapa til Oslosenteret og Stiftelsen dialog for fred at millionane frå Muslim World League var kjærkomne inntekter for Oslosenteret i åra 2019, 2020 og 2021.

Munnlege kjelder

Leiinga i Oslosenteret, arbeidande styreleiar Kjell Magne Bondevik, og direktør Karolina Olofsson, ønskte ikkje å bli intervjua då arbeidet nærma seg slutten.

Bondevik fekk difor tilsendt ei lang rekke spørsmål om dei økonomiske tilhøva ved senteret og samarbeidet med Stiftelsen dialog for fred og Muslim World League.

Han svarte på eit utval spørsmål. Også Olofsson ville ha spørsmål på epost. Bondeviks partnar Aamir J. Sheikh var villig til å bli intervjua.

Publisering

I siste halvdel av april skreiv eg ut reportasjen om Oslosenteret som har fått omfattande støtte frå det offentlege, altså over statsbudsjettet. Vårt Land kunne fortelje at:
Oslosenteret hadde blitt ramma av eit underslag dei gjorde alt for å halde hemmeleg.
Oslosenteret hadde fleire år med underskot, til dels svært store.
Oslosenteret hadde fleire år tapt eigenkapitalen.
Oslosenteret strevde med å rekruttere private sponsorar som ville yte støtte til drifta.
Oslosenteret strevde med å få støtte til prosjekt frå Utanriksdepartementet/Norad.

Når det nærma seg publisering tok nyhendeleiar og nyhenderedaktør kontakt med kona til den avdøde, tidlegare direktøren ved Oslosenteret for å informere henne om at underslaget ville bli omtalt.

Fordi den tidlegare direktøren døydde i 2019, valde Vårt Land å ikkje bruke namnet hans då reportasjen blei publisert.

Fredag 13. mai blei reportasjen publisert på [vl.no](https://www.vl.no/nyheter/2022/05/13/oslosenteret-ramma-av-underslag-og-sponsorsvikt/):

<https://www.vl.no/nyheter/2022/05/13/oslosenteret-ramma-av-underslag-og-sponsorsvikt/>

Dagen etter i papiravisa.

Konsekvensar

19. juli fortalte Vårt Land at dei økonomiske tilhøva i Oslosenteret var därlege då 2021 blei gjort opp:

«Oslosenteret fekk eit underskot på nesten 1,5 millionar kroner i fjar. Styret melder at vidare drift er usikker. Stiftelsestilsynet har senteret under observasjon.»

<https://www.vl.no/nyheter/2022/07/19/millionunderskot-i-oslosenteret/>

Informasjonen henta eg ut av årsrekneskapen for 2021 då denne blei offentleg. Vidare viste dokument frå einnsyn at økonomien til senteret var vanskeleg.

I oktober kontakta Kjell Magne Bondevik meg og fortalte at Oslosenteret legg ned i Oslo og flyttar organisasjonen til Nairobi i Kenya. Det er dei tilsette ved Nairobi-kontoret som skal drifte Oslosenteret vidare. 27. oktober melde Vårt Land:

<https://www.vl.no/nyheter/2022/10/27/oslosenteret-blir-afrikansk/>

Eg skreiv at omlegginga og flyttinga hadde tre forklaringar:

Staben på kontoret i Nairobi ønskjer å ta større ansvar.

Pensjonisten Kjell Magne Bondevik ønskjer å trappe ned.

Og:

Økonomien til Oslosenteret har vore – og er – krevjande

LØRDAG

28

SAMILIVSPANELET
TEL skal snart gifte seg,
og ønsker seg tips fra
samlivspanelet.

31

QUIZ
Tid for hjernetrim:
Hvilket grunnstoff har
atomsymbolet S?

og styret hadde den interne runden med direktøren, blei han i desember 2017 meldt til politiet for underslag av «ca 850 000kr». Samme måned blei han sagt opp av styret. Den nye arbeidsgjveren, ein nært støtandsorganisasjon, blei også orientert om underslaget.

Tredje juledag 2017 møtte han til arvhør hjå politiet. Her vedgjekk han underslag av 858 703 kroner fra Oslosenteret, bruk til «privat formål». I perioden november 2015 til oktober 2017. Han takka ja til tilbodet om tilställingsdom og sa seg villig til å betale tilbake summen.

Pårekna straff for underslaget kunne bliitt ti minnader i fengsel, om ein ser til ei tilsvarende sak frå lagmannsretten der underslaget også var 850 000 kroner. Til fratrekk ville Oslosenterets direktørekke fått ein strafferabatt for å ha tilstått.

Informerte ikke sponsorar

– Underslaget var eit alvorleg tillitsbrøt. Me måtte melde saka til politiet, for me levatlar hadde offentlege og private midler. Etter politimeldinga informerte me det viktigaste offentlige samarbeidspartnene, kvar Einar Steensnæs.

– Ininformerte de sponsorane om underslaget?

– Nei, ne valde ikkje å gjøre det. Politiet var i ein startfas med etterforskinga. Me ønskte også å ta omsyn til familien hans i denne vanskelege, tørste tida. Underslaget var heller ikkje av ein stortleik som påverka gjenanføringa av prosjekta våre.

– De gjekk heller ikkje offentleg ut med underslaget, var det der umang til omkommet til Oslosenteret?

– Nei. Ne gjorde ikkje slike vurderingar. Me informerte dei som måtte få informasjon. Og me melde saka til politiet, seier Steensnæs, som meiner at Vart Land ikkje burde ontnale underslaget.

Vart Land har informert familien om at saka blir omstalt.

Kontrollrutinane blei styrkte

Sverre Lodgaard, tidlegare direktør for Norsk utanrikspolitisk institutt, var styreleiar i denne peri-

Ramma av underslag og sponsorsvikt

KrF-veteranen Einar Steensnæs var med å etablere Oslosenteret i 2006. Elleve år seinare skulle han vere vikar for direktøren. Då avslørte han eit underslag på nesten ein million kroner.

OSLO
BJØRGULV K. BJÅEN
bjb@vt.no



E blei svart skuffa. Dette var eit alvorleg tillitsbrøt. Samstundes blei eg og fortalte. For dette var jo eg og ein forlereide personleg tragedie både for han og for familien hans.

Det er Einar Steensnæs som hugsar tilbake til seinhausten 2017, og misleghaldet han avdekte ved Oslosenteret.

Gjennom innsyn i offentlege journalar kan Vart Land fortelle om eit til no ukjent underslag på nesten ein million kroner.

Elinn Hiltrud direktør tok store summar i nesten to år og brukte dei privat.

Senteret gjekk ikkje offentleg ut med underslaget, og sponsorar høi ikkje informert.

Vart Land har også gått gjennom økonomien til Oslosenteret. Tala først om år med underslag, tagt etgenkapital og sponsorsvikt.

Ein siste jobb

Den nyane KrF-arenen Einar Steensnæs hadde blitt pensjonist etter eit langt liv i politikken, som storingsrepresentant og statsråd, sær som olje- og energiminister i Kjell Magne Bondeviks regjering 12 2006 opna han sammen med venen og KrF-kollegaen Oslosenteret. Bondevik blei president, Steensnæs direktør, ein jobb han hadde eit par år.

I 2017 takka han ja til Bondevik spørte om eit leiesett. Styret hadde innvillig davarande senterdirektør eitt års permisjon for å arbeide utanlands Steensnæs skulle vere direktørvikar.

Oslosenteret hadde i denne tida tre leiarar: President, styreleiar og direktør. Kjell Magne Bondevik var president, Sverre Lodgaard var styreleiar og direktøren leia administrasjonen.

Avdekte kontantuttak

Då Einar Steensnæs var installert på direktørssete, fatta han misstanke. Han oppfølgja uregelmæ-

tere kontantuttak og illegitime forbruk. Vilkårene blei sikker i sak. Oslosenteret måtte hantere eitt underslag, uferdig av direktøren som hadde fått permisjon.

– Eg konfronterte han med funna mine. Han vedgjekk, fortel Steensnæs til Vart Land.

I ett høyr frå Steensnæs til revisjon og Stiftsguttsynet, som Vart Land hadde fått innsyn i i fjor tilhøyr, blei sunnmen presentert:

– «Senteret er også orientert om at tidligere direktør L.J skylder Oslosenteret ca 944 000 kr. Det gjennomførtes samtal med L.J om fastsettelse av endelig beløp og tilbakebetaling. En skriftlig bekrefteelse fra L.J om skyldig beløp vil bli sendt RMS Norge AS inn kort tids.

– Den endelige summen blei noko lågare, opplyser Steensnæs.

Valde tilställingsdom

Oslosenteret måtte ha pengane tilbake. Direktøren, som blei tilsett i 2012, leva i gjere opp for seg.

Samstundes som Steensnæs

“ Kontrollrutinane blei styrkte etter at underslaget blei avdekt, me tok lærdom av salka ”

Sverre Lodgaard, tidlegare styreleiar i Oslosenteret



SENTEROPNING: Flagget går til topps. Oslosementet, som blei etablert av Kjell Magne Bondevik (midten) og Eirar Steen Næs (t.h.), opna i 2006. Flagghøsa var daværende styreleiar Thorbjørn Jagland (t.v.).

Foto: Håvard Sætre

18 LØRDAG HOVEDSAKEN



○ utår. Han fortel Vårt Land at styret valte å ikke gå ut med underslaget «av menneskelige omstyr».

— Og fordi det viktigaste for oss var å få tilbake pengene, noko me sikra oss gjennom tilbakebetalingsplanen.

— Du vil da seie om kontrollfunnane til Oslosem
ittert å underslaget føre står?

— Kontrollfunnene blei styrkt eiter at undersla-
get blei avdekt, me tok hand om sak. Senteret er
lite, og me trudde me hadde god oversikt, likevel
kjen det eit underslag

Kjell Magne Bondevik, som no er arbeidande
styrelsefar, ønskjer ikkje å stille til intervju om
underslaget. Han svarar kort på Vårt Lands
spørsmål per e-post:

«Det var en overraskelse og en stor skuffelse å
få vite om denne tillitsbruddet. Det var daværende
direktør Einar Steensnæs som avdekket under-
slaget og informerte meg. Det viser at internkon-
trollen fungerte».

Han ønskjer ikkje å svare på spørsmåla: «Kvifor informerte de ikkje sponsorane til Oslo
senteret om underslaget?» og
«Kvifor gikk de ikkje offentleg
ut med underslaget?»

Eks-direktøren døydde

Våren 2018 døydde den tidlegare
direktøren bratt, av naturlige
årsaker. Han døydde før sak
kom for domstolen, og før skulda
til Oslosemteret var gjort opp.

Senteret meldte inn restrikasjoni
dadsbase. Men, opplyser Steens-
næs, det kom «langt bak i lovens». Han vil ikkje konkretisere sum-
men, men nøyser seg med å opp-
lyse at «nokre hundreusen-
krone blei bokført som tap».

**I de
siste
årene har det
vaart en merkbart
nedgang i Inn-
tekter fra norske
økonomiske
bidragsytere**

Einar Steensnæs,
diskonvitur, i 2018

Einar Steensnæs slutta i Oslosemteret i 2018. I
dag er han pensjonist, men sit i representantska
pet, som er eit rådgjevande organ. Sverre Lod
gaard er styremedlem.

«Har en del åpne dører»

Efter 32 år på Stortinget, to økner som statsråd
og seks og eitt halvt år som statsminister, gjekk
Kjell Magne Bondevik ut av norsk kapp-politikk
i 2005.

Men han blei ikkje pensjonist. I 2006 presen-
terte han stiftinga Oslosemteret. Ein drøm blei
realitet:

«Jeg har lenge tenkt at når jeg slumer i politik-
ken, skal jeg vie all min tid til fatti og førfolge.
Vi skal gradvis bygge oss opp, slik at det blir full
drift fra høsten av, da med 5-8 personer på hel-
tid. Jeg vil henvende meg av nettverket jeg har fra
tiden som statsminister. Jeg har en del åpne
dører», sa Bondevik på lanseringa.



VIKARI: Våren 2007 var Einar Steensnæs på Kjell Bonddeviks i Trondheim. På husetet i 2007 ble han direktørkvarter på Oslo-senteret. Foto: Ola Hardal/NB/NTB



STATSSIE: Då Kjell Magne Bondevik ope Oslo-senteret i 2006 fekk han med seg Finlands tidlegare president Tarja Halonen i bygget.

Foto: Rödert/Saturn



ELYTTA: I 2011 måtte Oslo-senteret og Kjell Magne Bondevik flytte kontoret fra Oslo vest til tillegge lokale i Oslo sentrum.

Foto: Øystein Fjeldstad/NB

Hun og Steensnæs høstet ventene skulle klare seg med privat seire:

«Når det gjelder finansiering, henger vi mye av seieren fra privat virksomhet. Vi konkurrerer desfor ikke om offentlige midler som hvert år settes av til ulike humanitære og ideelle organisasjoner, medde Steensnæs i Aftenposten.

«Jeg synes faktisk det er positivt at norske bedrifter og investorer gir penger til samfunnsnyttig og ideelt arbeid, især dersom at deres overskudd bare går til akti forjeneste. Vi belaster dem med heller ikke statsbudsjettet og skatteyterne penger», skrev Bondevik i VG.

Fem trygge år

Oslosenteret fekk kontor på Oslo vest. Kjøpmannen Stein Erik Hagen og moldensarane Stig O. Jacobsen og Erik Berg betalte 25 millionar kroner for ambassadebygget senteret fekk leige til substatert pris, fortalte Dagens Næringsliv.

Seks selskap stille opp med sponsoravtale i ein seminarpakke: Aker (Kjell Inge Røkke), Gjelsten Holding (Bjørn Rune Gjelsten), StatOil, Hydro, DnB NOR og Oekla.

I 2001 var det fem, første, trygge å med overskot over. Bondevik og staben måtte finne billigare husvære, for huselgarane ville ha marknadsläge Oslo-senteret blei reetabliert i tilpassa lokale.

Det sels sponsorane ønska ikkje å forlenge avtalen. Med dei førsommars seks millionar kroner i inntekter.

Oslosenteret vendte seg til staten. Utanriksdepartementet fekk ein seknad om 4,5 million-

nar kroner i grunnstøtte i 2001. Svaret var nei, skreiv Aftenposten. Senteret kunne selje prosjektet.

2013 blei gjort opp med rauda tal.

«Underskuddet dekkedes av eigenkapitalen», skreiv styret i Oslo-senteret i århunderinga for 2011. Senterets første underskott endna på vel 1,7 millionar kroner.

Millionsmell i jubileumsåret

I åra 2012-2015 gjekk Oslosenteret med små overskot. Så kom jubileumsåret 2016. I årsrapporten til det ti år gamle senteret drog seniorrådgiver og medmedlemmar Einar Steensnæs parallellar til to internasjonale sener: Carter Center i USA, etablert av USAs tidlegare president Jimmy Carter og Crisis Management Initiative i Finland, etablert av landets tidlegare president Martti Ahtisaari. Begge har fått Nobels fredspris.

2016 blei gjort opp med minus 3,3 millionar

kroner i underskott. «Underskuddet skyldes i hovedsak bortfall av innbetaling av sponsormidler», skreiv styret i årberetninga for 2016.

Utgiftene var på nytte større enn innteklene.


I tre år på rad var det rauda tal. Samla gikk senteret med nesten 11 millionar kroner i underskott i perioden 2016-2018.

Verst var det i 2017, 4,7 millionar kroner i minus. «Underskuddet skyldes i hovedsak manglende innbetaling av forventede sponsorbidrag», skreiv styret.

Varsko om eigenkapitalen
Stiftingsloven er klar. Den- □

20 LÖRDAG HOVEDSAKEN

Oslosenterets inntekter 2007-2020



vårt[®]land

• som stiftingskapitalen er «lavere enn forsvarlig ut fra risikoen ved og omfanget av virksomheten i stiftelsen, skal styret straks behandle saken og varsle Stiftelsetilsynet». Styret skal så gjennomføre tiltak – og informere tilsynet.

I oktober 2017 meldte Oslocenteret til egen revisor, RSM Norge, at ein strevde. I et brev fra revisor til senterstyret i januar 2018 pekte revisor på «negativ resultatutvikling» og «negativ utvikling av stiftelsens egenkapital».

I brevet, som er eit sakklike nummerert brev, minna revisor tilsynet om stiftelsens mål og om tiltak som kunne ta sentene ut av ulike: «Styret ber vurdere situasjonen og føresla mulige tiltak. Styret har også vurdere opplesning dersom det finnes at tiltak for å bedre situasjonen ikke lar seg gjennomfører».

Stiftelsetilsynet opna tilsynssak

Loven krev at nummererte brev også må gå til Stiftelsetilsynet. I februar 2018 opna tilsynet tilsynssak i Oslocenteret.

I brev til revisor i januar 2018 forklarte direktør Steensnæs tilhøva: «Den negative resultatutviklingen for Oslocenteret skyldes i hovedsak svikkende sponsorinntekter både 2016 og 2017 [...] I de siste årene har det vært en merkbar nedgang i inntekter fra norske økonomiske bidragsgjyrte».

I ein e-post til Stiftelsetilsynet i april 2018 skreiv Steensnæs at kostnader var kuttat: «5 per-

“Eg tykte at han var for beskjeden, men han ville ikkje ha så mykle sjølv”

Aamir I. Sheikh, leiar i Stiftelsen Dialog for fred, om Kjell Magne Bondevik

soner har sluttet iherav 2 oppsagd. Leieavtale i Øvre Slottsgate er sagt opp. Innbyting i rimeligare lokaler vil skje seinest 1. november. Kosinadsbesparende tiltak blir nå gjennomført innan regnskap og IT. Ruforhandlet avsættales med ansatte i Redusert nettselskap.

Tilsynet har også orientert om underslaget og planen for tilbakeberaling. Bondevik ønsker ikkje svare på spørsmål om innsparinger og oppspilingane. I e-posten til tilsynet skreiv Steensnæs at samslutnings scenariot kutta utgiftar klartet dei å unke sponsorinntekturen med 1,6 millionar kroner. Stiftelsetilsynet sa seg negd igjengjekk i april 2018.

Men det blei verre. I to år på rad blei eigenkapitalet brukt opp.

«Eigenkapitalet er tapt i løpet av driftsåret 2018», skreiv styret i rekneskapsen. Det året

hadde senteret eit underskot på 1,9 millionar kroner. Eigenkapitalet var ved årsstart på 21.000 kroner.

Styret meldte at dei arbeidde med å få inn nye partnarar og gjevarar, men vedgjekk at dei stavede og presiserte difor at «dette gir grunnlag for usikkerheit rundt fortsatt drifts».

Revisor var også uredeg i revisjonsrapporten for 2018 skreiv RSM Norge at det er «vesentlig usikkerhet knyttet til fortsatt drifts».

Året etter māste styret på mytt vedgi tap. «Eigenkapitalet i tilfølge er tapt, skreiv styret i rekneskapsen for 2019.

Men arbeider med å få inn nye gjevarar og prosjektpartnarar gav resultat. Styret opplyste at «årets overskudd er resultatet av dette». Over skolet i 2019 blei på 1,3 millionar kroner.

Oslocenteret gikk også i pluss i 2020, 1,1 millionar kroner.

«Bondevik fikk Saudi-millioner.»

Dagbladet fortalte i fjor haust at Oslocenteret og Kjell Magne Bondevik hadde fått millionar frå Muslim World League (MWL), som har hovudsete i Mekka. Organisasjonen skal ha nære band til Saudi-Arabias regime, noko som er stadfestat av mellom anna Utanriksdepartementet. Milionane kom via Stiftelsen Dialog for fred.

Bondevik skreiv til Värt Land at han ikkje ønskjer å svare på spørsmål om samarbeidet med Muslim World League.

22 LØRDAG HOVEDSAKEN



STATSTØTTE: I fjor opplyste utanriksminister Anniken Huitfeldt (Ap) at Osloenteret samla har fått 51 millionar kroner over statsbudsjettet.



PRS: Generalsekretær Mohammad bin Abdulkarim Al-Issa i Muslim Kjell Magne Bondevik talte på arrangementet.

• I intervju med Dagbladet har Bondevik sagt at MWL er ein uavhengig og sjølvstendig organisasjon som ikkje har formelle hand til det autonome, saudiarabiske regimet, og heller ikkje får ekstremistisk statte frå det same regimet.

Vårt Land har fått innsyn i ein e-post Bondevik sende Horme- og familielagspartimed i november 2019, og underskrift med eit heiltidsleende styrlefør Osloenteret. Ved e-posten la han ein presentasjon av leiarane for MWL generalsekretær Mohammad bin Abdul Karim Al Issa.

Her står det at den tidlegare dommaren, domstolslearen og Justisministeren i Saudi Arabia også er leiar for Intellectual Warfare Center, ell semmer knytt til Saudi-Arabias forsvarsdepartement. Det har ansvar for å nedkjempe ekstremist- og terrorideologi.

I e-posten ba Bondevik partileile og statsråd Kjell Ingolf Ropstad om å ta i mot MWL-leiaren i november 2019, noko han gjorde.

Sponsorpengar via stifting

Sponsorane er med å sikre drifta av sjølv Osloenteret. I årssrapporten for 2020 står det at ein av dei tre sponsorane var foreininga 14th August Committee Norway, eller 14. augustkomiteen, som er leia av Aamir J. Sheikh, ein Høgre-politikar frå

Oslo. Sheikh leiar også Stiftelsen Dialog for fred.

– Opplysninga i årssrapporten er feil. Det er Stiftelsen Dialog for fred som var sponsor i 2020, fortal Sheikh til Vårt Land.

Dagbladet har avslekt at Dialog

først i fjor, ved Aamir J. Sheikh, Kjell Magne Bondevik og Osloenteret, skal ha fått totalt 12,8 mill

onar kroner fra Muslim World League. Bondevik personleg skal ha fått 1,4 millionar og Osloenteret 5,4 millionar kroner.

I Dialog for freds årssberetning for 2018, skreiv Sheikh ar fra MWL-leiar Al-Issa har det komme

– opplysningsstøtte som gikk til Stiftelsen Dialog for Fred, og at Dialog

først i fjor skal samarbeide med MWL, Al-Issa og Kjell Magne Bondevik.

Bondevik: «Vi skal arrangere flere fredskonferanser/seminarar og brobyggerarrangementer i løpet av 2020».

Om det personlege honoraret på 1,4 millionar kroner, opplyste

Bondevik til Dagbladet: «Dette er honorar fra Dialog for fred for funndrag, meirfølgje og arbeid fra 2018, 2019 og 2020».

Til Vårt Land gjentek han at honnaret var sever tre år før arbeid, resurser, forsøring og innlegg hørt av desse desnes.

Så først nei, så ja

Millionane fra Muslim World League gjekk altså først til Dialog før fred, som så sendte del vidare til Bondevik og Osloenteret.

Om millionane til Osloenteret veler Sheikh til Vårt Land:

– Helse honnaret var utgangspunktet til Bondevik, men han har meg om å sende meirparten av honnaret fra Muslim World League til Osloenteret.

– Eg rykte at han var for beskjeden, men han ville ikkje ha så mykje sjølv.

Styret i Osloenteret sanks til at senteret skulle motta pengane direkte frå MWL. Styremedlem

Svenne Lodgaard fortalte Dagbladet at «vi må alltid kryste oss at det ikke er noen uenskede bindninger knyttet til aktivitetene vi blir med på, og der er vi veldig strenges».

Styret va si ja til å motta pengane frå MWL om det kom via Dialog før fred.

– Stiftinga og Osloenteret opererer i same landskap, forklarar Lodgaard til Vårt Land.

Sponsorsvikt i fjor

Karolina Olofsson byrja som direktør på Osloenteret i fjor. Etter to år med økende overskot på vel millionen, matted Olofsson konstaterte at 2021 blei eit nytår med underskot. Storletken kjem fram når årsrekneskapen blir offentleg om noko veker.

Men den lage eigenkapitalen har fått revisor til å sende eit nyt tilsummerert brev til senterstyret, og Stiftingsstyrnet er varsle. Avdelingsdirektør Siv Heggedal i tilsynet fortel Vårt Land at dei ikkje har oppnåt tilsynssak, «men overvakar».

I ein e-post til Vårt Land opplyser Olofsson at to forhold påverka inntektene i fjor. Pandemien og «forutvant press». Olofssons påstand rettar seg mot Dagbladets dekning av samarbeidet mellom Kjell Magne Bondevik, Osloenteret og Muslim World League.



World League fikk Brobyggerprisen i 2021, sammen med to andre.

Foto: Terje Bendiksby/NTB



SAMARBEID: Med representanter fra Muslim World League anmøger Kjell Magne Bondevik (tv.) og Aamir J. Sheikh konferanser og held foredrag verda over.

Foto: Terje Bendiksby/NTB

«Dette påverka våre sponsorar, så me fikk mykje lågare inntekter i 2021 enn det som var planlagt», skriv direktør Olofsson.

På spørsmål om kurført Oslosenterets framdrift blir i kommande år, svarer Olofsson at kva sentret var for til, som ellers kan ikkje kva ein er i dag, og vanleg ikkje kva sentret er i åra sum kjem.

Direktøren opplyser at nye reglar har komme på plass for å styrke Oslosenterets identitet, og klar gjere roller og ansvar mellom styre, styreleiar og direktør.

Nesten 200 millionar

Oslosenterets samla inntekter i åra 2007-2020 var på vel 192 millionar kroner. Godt over ein fjerde del kom fra staten. Etter brev til Stortinget i desember i fjor gav utenriksminister Anniken Huitfeldt Øgr totalsummen:

«Det er blitt hevligst midler over statsbudsjettet til Oslosenteret – seier for fred og menneskerettigheter». Første bevilgning ble gitt i 2009 og den siste i 2015, sistnevnte med gjennomføringsperiode til og med 2017.

Totalt er det bevilget om lag 51 millioner kroner, med store variasjoner fra år til år.

Huitfeldt skrev at 43 av det 51 millionane har

**”Vi
kom
til erkjennelsen
at vi ikke utgjorde
en synlig forskjell i
verdenssamfunnet**

Kari Ragnar Rimbak,
styreleiar i Rimfak
Eldon, om kifte
dei sluttar som sponsor

Ososenteret fikt for å fremme
fred og forsoning i Somalia».

Auslag frå Norad

Den største prosjektsittelen til Ososenteret kjem frå Utanrikssdepartementet og Norad. Opp

gjennom åra har Norad avveit flere saknadar frå Ososenteret.

I et avslag skriv Norad at sen-

teret «i framten imidlertid som

forholdsvis personashengig, og

en del av eksemplene represen-

terer enkeltpersoner i medietring

i politisk dialog om fred, demo-

krat og menneskerettigheter,

mer enn Ososenterets bidrag

som organisasjon».

I januar i år skriv Norad at sakna-

den blei avslut fordi Ososenteret

ikke hadde finansiert

«minst 10 % av de totale proje-

kostnadene med egenmidler og/

eller annen finansiering fra andre

kilder enn norske myndigheter».

Vidare sa Norad at rasktanaly-

sen i saken er «no svake».

I et anna avslag skriv Norad: «Ososenterets virk-
somhet framstår som lite kostnadseffektiv, spesielt
tils av at det er vanskelig å vurdere resultatene for
deres målgrupper og sivilsamfunnspartnene».

Etter prosjekt i Kenya fekk nett ført til mangla-
ensforsamling i til tross- og høyrepresentanter og derfor
ikke oppfattet som relevant for ordineringen.

Bondevik smiljer ikke å kommentere avgjørelse.

Færre sponsorar

Aksjekravene frå Ososenteret viser at talet på
sponsorar krympar. I 2013 var talet 15. I 2020 tre.

«Som arbeidende styreleiar jobber jeg aktivt
med å skaffe sponsorar. Det har kommet til flere
sponsorar den siste tida», skriv Bondevik i e-posten
til Vårt Land utan å gi konkrete tal.

Kvifor vel privatpersonar og selskap å sponsore
Ososenteret? Kven er dei?

Mellom dei trulegste er James Reimer, kanadisk
investor og aksjedelsleiar. Han sit saman med
Bondevik i First Step Forum, ei unikt gruppe
ambassadørar og europeiske parlamentarikarar
som saman arbeider for å byggje bruer for fred,
menneskerettar og religiøs fridom.

Reimer sit også i representantskapet til Ososenteret.

Ein annan er Naguib Sawiris, egyptisk

□

24 LØRDAG HOVEDSAKEN



JUBILEUM: Til Oslosenterets tiårsjubileum i 2016 komme Einar Steensnæs (t.v.) til i mot Kofi Annan, dts-generalsekretær i FN og Erna Solberg, Norges daværende statsminister.

Foto: Cornelius Poppe/NTB

Ø mæringsselskaper, millionærer, koptisk kristen og Afrikas alltid rikaste mann. Han var sponsor i 2018.

De fleste sponsorane er like vel zorske.

Dag Dvergsten er ein investør og gründer som figurende i dagens Næringsliv og Finansvitsen.

«Det er riktig at jeg har gitt bidrag til Oslosementet. Bakgrunnen var at arbeidet med demokratisering er et verdifullt arbeid i en verden der totalitære regimer får stadig mer utbreidelse – og innflytelse. Oppføllingen herfra er at Oslosementet har vært drevet profesjonelt og ordentlig så langt jeg har fått innsyn i. Ut over dette blir det

ikkje gitt flere kommentarer herfra», skryt Dvergsten i et tekstmelding til Vårt Land.

Han var sponsor fram til 2016. Dag Dvergsten sit i representantskapet til Oslosementet.

NAT, Nordic American Bankers, NAT var sponsor i 2016, 2017 og 2018.

Me har settia Oslosementet med nokre mindre summar, 50 000 kroner tilleg, fortel han Vårt Land.

– Kjifor støtta du Oslosementet?

– Fordi sementet driv med nasjonalbygging.

Hansson fortel at det helle starta med ett møte.

– Me var ute på Fornebu, der var Kjell Magne Bondevik, Kofi Annan og ein Arne Fredly.

Kofi Annan er tilleggs generalsekretær i FN, han døydde i 2018. Arne Fredly er sun til tilleggs KRF-onderar i Molde. Asmund Fredly er investor og milliardær og bussei i Monaco. Han var sponsor til og med 2018.

Ønskjer å sjå resultat
Rimføld Elendom eig og utviklar næringselge dommar i Innlandet og Oslo-regionen. Styreleiar Karl Ragnar Rimsfeldt forklarar i et tekstmelding til Vårt Land kjifor det var sponsor i 2016 og 2017, men han vil ikke nøytraliserere summene.

– Vi gjorde et prøveprosjekt med å diversifisere vårt sponsorat til også å inkludere statte til internasjonale innsprøsjekter som Oslosementet tilrettela for. Dette for å kunne gi et bidrag til det gode arbeider Norge står for internasjonalt – for å fremme fred og demokratie.

– Kjifor slamma de d spone Oslosementet?

– Vi kom til erkjenningen at vi ikke ungjorde en synlig forskjell i verdenssamfunnet. Vi valgte derfor istedet å prioritere statten til kultur, samhør- og ungdomskretsene i lokalsamfunnet. Det er formål hvor vi lettere ser resultatarene av vårt bidrag».

Bondevik ba om støtte

Vestre, familieselskapet til dagens næringssminister Jan Christian Vestre (Ap), var sponsor i 2018. Dagleg leiar Thomas Sund forklarar i ein e-post til Vårt Land kjifor stemningsprodusenten yle støtta i 2018.

–Hver ei gje vi i Vestre 10% av overskuddet vårt til barekraftsformål. 2018 tok Kjell Magne Bondevik og Oslosementet kontakt med enske om støtte til deres barekraftsarbeid. Det var derfor naturlig for oss å støtte Oslosementet. I 2019 ga vi mer enn 2 millioner kroner ut til ulike organisasjoner og Oslosementet mottok et hjelpe på 30 000 kroner.

Møte med Kofi Annan

Herbjørn Hansson er skipsrelar og styreleiar i